

Høyringsnotat 02.10.24 – Forslag til endringar i forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit, og forslag til klargjering av leveringsplikta i ny ekomforskrift

Høyringa gjeld forslag til endringar i forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit, og forslag om klargjering i ny ekomforskrift om kva som skal sjåast på som «sesongbasert næringsverksemd» knytt til leveringspliktige tenester og kva for ein hastigheit leveringspliktig funksjonell internetttilgang skal ha. Høyringa om klargjering i ny ekomforskrift gjeld tillegg til utkast til ny ekomforskrift som har vært på høyring tidlegare, jf. «Høring om endringer i ekomloven og ekomforskriften med forslag om lovhjemmel for leveringsplikt for bredbånd og tydeligere krav til entydig identifisering av sluttbrukere» av 3. september 2019 og «Høring - Forslag til ny ekomlov, ny ekomforskrift og endringer i nummerforskriften» av 2. juli 2021.

1. Forskrift om sektoravgift og gebyr til Nkom

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) er i hovudsak finansiert av sektoravgifter og gebyr frå tilbydarar og andre som brukar Nkom sine tenester. Fordelinga av sektoravgifter på ulike forvaltningsområde og oppgåver skal vere tilpassa Nkoms ressursbruk på dei ulike områda. Nkom gjer derfor jamlege ressursmålingar. Nye vurderingar tilseier at det er nødvendig med visse endringar i satsar i forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit § 14. Vidare er det ønskeleg å ta inn ei eiga føresegn om lokale nett i same paragraf.

Departementet foreslår å fjerne ordet «andre» i forskrifta § 13 første ledd første punktum. Dette er ei språkleg endring som ikkje inneber materielle endringar.

I forskrifta § 14 om sektoravgift om sendarløyve som ikkje fell inn under § 12, § 13 og § 16, foreslår departementet eit nytt tredje ledd om lokale nett. Noreg er eit av dei første landa i Europa som har lagt til rette for lokale nett i 3,8-4,2 GHz bandet. Talet på løyve aukar og det er no føremålstenleg å ta inn eit nytt ledd i § 14 som syner prisane for ulike bandbreidder og effektbruk, i staden for å fastsetje ei avgift ved vedtak for kvart enkelt løyve (forskrifta § 16). Dette vil også gjere det meir føreseieleg for tilbydarane kva dei skal betale.

For nokre frekvensband for andre sendarløyve er satsane justert slik at avgiftene som skal betalast er betre tilpassa mengda frekvensressursar det er gitt løyve til å bruke og Nkom sin ressursbruk i arbeidet med å tildele desse.

Departementet foreslår på denne bakgrunn følgande endringar i forskrift om sektoravgift og gebyr til Nkom:

§ 13 skal lyde:

§ 13. Sektoravgift og gebyr for sendarløyve i frekvensband over 30 MHz som er planlagt for kringkastingstenester

Innehavar av sendarløyve for kringkastingsnett i frekvensband over 30 MHz som ikkje er riksdekkjande skal betale ei sektoravgift på kr 2 500 for kvart nett. I tillegg skal innehavar betale følgjande sektoravgift for kvar sendar innehavar har, avhengig av sendareffekt:

1. Kr 590 for sendareffekt mindre enn 50 W
2. Kr 990 for sendareffekt frå 50 W til 1000 W
3. Kr 1 970 for sendareffekt høgare enn 1000 W.

Innehavar av sendarløyve til enkeltstående arrangement eller med tilsvarende kort varigheit, i frekvensband over 30 MHz som er planlagt for kringkastingstenester, skal betale kr 3 000 i gebyr ved tildelinga av løyvet.

§ 14 skal lyde:

§ 14. Sektoravgift for sendarløyve som ikkje fell inn under § 12, § 13 og § 16

Innehavar av jordstasjonar for satellitt skal betale ei sektoravgift på kr 7 530 for kvart frekvensband det blir sendt i for kvar jordstasjon. Innehavar av jordstasjonar på Svalbard og i Antarktis skal i tillegg betale ei sektoravgift på kr 7 530 for kvart frekvensband det blir mottatt signal i for kvar jordstasjon.

Innehavar av stasjon i radiotelemetrisystem, punkt til punkt og punkt til multipunkt, skal betale sektoravgift avhengig av utstrålt effekt (e.r.p.). Avgifta skal være kr 270 for kvar sendar for stasjonar med effekt under eller lik 0,5 W og kr 780 for kvar sendar for stasjonar med effekt høgare enn 0,5 W.

Innehavar av sendarløyve til lokale nett i frekvensbandet 3,8-4,2 GHz skal betale sektoravgift avhengig av bandbreidde og utstrålt effekt slik det går fram av tabellen.

Bandbreidde lokale nett	Pris i kr for bruk opp til 18dBm/5MHz e.i.r.p	Pris i kr for bruk opp til 36dBm/5MHz e.i.r.p
<i>Til og med 20 MHz</i>	<i>200</i>	<i>1000</i>
<i>40 MHz</i>	<i>400</i>	<i>1400</i>
<i>60 MHz</i>	<i>800</i>	<i>2200</i>
<i>80 MHz</i>	<i>1600</i>	<i>3800</i>

Innehavar av sendarløyve som ikkje inngår i første til tredje ledd, skal betale sektoravgift for kvar sendar innehavar har avhengig av bandbreidde og frekvensband sendarane bruker, som det går fram av tabellen under. Dersom det nyttast MIMO-teknologi mellom to punkt, skal det berre betalast ei sektoravgift per stasjon for same frekvens, polarisasjon og bandbreidde.

Frekvensband sendarane bruker	Bandbreidde	Pris per sendar i kr
Lågare enn 1 GHz	Til og med 25 kHz	<i>810</i>
Lågare enn 1 GHz	Over 25 kHz til og med 150 kHz	<i>1080</i>
Lågare enn 1 GHz	Over 150 kHz	<i>1940</i>

Frekvensband sendarane bruker	Bandbreidde	Pris per sendar i kr
Frå og med 1 GHz og lågare enn 5,15 GHz	Til og med 2 MHz	1160
Frå og med 1 GHz og lågare enn 5,15 GHz	Over 2 MHz	1860
Frå og med 5,15 GHz og lågare enn 8,5 GHz	Til og med 25 MHz	620
Frå og med 5,15 GHz og lågare enn 8,5 GHz	Over 25 MHz til og med 49 MHz	800
Frå og med 5,15 GHz og lågare enn 8,5 GHz	Over 49 MHz til og med 70 MHz	1050
Frå og med 5,15 GHz og lågare enn 8,5 GHz	Over 70 MHz	1360
Frå og med 8,5 GHz og lågare enn 20 GHz	Til og med 25 MHz	390
Frå og med 8,5 GHz og lågare enn 20 GHz	Over 25 MHz til og med 49 MHz	500
Frå og med 8,5 GHz og lågare enn 20 GHz	Over 49 MHz til og med 90 MHz	650
Frå og med 8,5 GHz og lågare enn 20 GHz	Over 90 MHz til og med 150 MHz	850
Frå og med 8,5 GHz og lågare enn 20 GHz	Over 150 MHz	1110
Frå og med 20 og lågare enn 57 GHz	Til og med 25 MHz	230
Frå og med 20 og lågare enn 57 GHz	Over 25 MHz til og med 49 MHz	280
Frå og med 20 og lågare enn 57 GHz	Over 49 MHz til og med 90 MHz	330
Frå og med 20 og lågare enn 57 GHz	Over 90 MHz til og med 150 MHz	400
Frå og med 20 og lågare enn 57 GHz	Over 150 MHz	480
Frå og med 57 GHz		190

2. Leveringspliktige tenester til «sesongbasert næringsverksemd» og hastigheit til funksjonell internettilgang

2.1 Innleiing

Det er eit grunnleggjande prinsipp i ekomregelverket at telefon- og breibandstenester skal leverast av marknadsaktørar på kommersiell basis. Samstundes inneheld ekomloven ein heimel for myndigheitene til å inngå avtale med, eller utpeike, ein eller fleire tilbydarar av elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester som leveringspliktige tilbydarar. Dette er meint som ein «siste utveg» for å sikre tilbod av grunnleggjande tenester til forbrukarar og næringsdrivande. I forslaget til ny ekomlov, jf. Prop. 93 LS (2023-2024)¹, blir heimelen utvida til å omfatte funksjonell internettilgang (breibandstenester), og i tillegg blir leveringsplikta utvida til å omfatte «sesongbasert» næringsverksemd.

Departementet foreslår i dette kapitlet nærmare kriterium i ei ny ekomforskrift, som etter planen skal vedtakast og tre i kraft samstundes med ny ekomlov, for kva som skal sjåast på som «sesongbasert næringsverksemd». Heimel for dette vil vere forslaget til ny ekomlov § 5-1 femte ledd som gir departementet høve til å stille nærmare krav om «innhold i og utforming av leveringsplikten etter første og andre ledd, herunder om tjenestekvalitet, hastigheit for funksjonell internettilgang, abonnementspriser samt område for leveringsplikten.» Departementet tek atterhald om at Stortinget gir departementet heimel til å fastsette ei slik føresegn.

¹ [Prop. 93 LS \(2023–2024\) - regjeringen.no](#)

Vidare foreslår departementet at ny ekomforskrift inneheld ein føresegn om hastigheita til den leveringspliktige funksjonelle internettilgangen. Heimelen for dette er den same som ovanfor.

2.2 Gjeldende rett

Følgande tenester er omfatta av føresegna om leveringsplikt i dag, jf. ekomloven § 5-1:

- Tilgang til offentleg telefonteneste og digitalt elektronisk kommunikasjonsnett over heile landet.
- Offentlege betalingstelefonar og andre tilgangspunkt til offentleg telefonteneste.
- Nummeropplysningsteneste
- Telefonkatalog
- Særlege tenester til funksjonshemma og andre sluttbrukarar med spesielle behov.

Ekomlova § 5-2 inneheld føresegner om finansieringsfond m.m. dersom tilbydaren blir påført ei urimeleg byrde. Dersom tenesta blir finansiert gjennom eit slikt fond, skal det gjennomførast anbuds konkurranse.

Med heimel i føresegna om leveringsplikt har departementet sidan 2004 hatt ein avtale med Telenor om å tilby offentleg telefonteneste og digitalt elektronisk kommunikasjonsnett. Avtalen er blitt fornya fleire gonger, og den siste avtalen blei signert 27. juni 2024. Departementet har i tillegg pålagt Telenor å levere særlege tenester til funksjonshemma og andre sluttbrukarar med spesielle behov. Staten betaler ikkje vederlag til Telenor for noko av dette. Det er ikkje lenger inngått avtale med eller utpeikt nokon til å ha leveringsplikt på dei andre tenestene som er nemnd i § 5-1.

Nkom behandlar klager frå brukarar som gjeld avgrensinga av leveringsplikta, mens andre klager blir behandla av Brukerklagenemnda for elektronisk kommunikasjon. I stor grad gjeld sakene som behandlast av Nkom, kundar i spreidd bygde strøk som ikkje får eller som har mista tilfredsstillande telefonteneste til adressa si.

2.3 Forslaget til ny ekomlov

Av ekomforskrifta § 5-1 første ledd, går det fram at dei leveringspliktige tenestene skal bli tilbydd til einkvar stad med fast heilårleg busetnad eller næringsverksemd. I Prop. 93 LS (2023–2024) kapittel 12 er det, som nemnd innleiingsvis, foreslått å utvide denne gruppa til å omfatte «sesongbasert» næringsverksemd. Vidare er det foreslått å flytte føresegna til loven, jf. pkt. 12.5.1 i proposisjonen. Hovudgrunngevinga for å inkludere sesongbasert næringsliv er at dette er ein viktig del av den lokale næringsstrukturen fleire stader i landet, til dømes innanfor turisme.

Vidare er det foreslått ei ny unntaksføresegn i loven. Etter forslaget til ny ekomlov § 5-1 tredje ledd kan departementet «i særlege tilfeller gjøre unntak fra leveringsplikten etter første ledd.» I vurderinga av om det skal gjerast unntak, skal departementet «blant annet vektlegge om kostnadene ved å etablere leveringspliktig tjeneste står i rimelig forhold til nytten.» Etter departementets vurdering kan eit slikt unntak til dømes gjelde husstandar som ligg utanfor

det som i dag blir ansett for å være normalt leveringsområde, jf. gjeldande ekomforskrift § 5-1 andre ledd og gjeldande avtale om leveringsplikt med Telenor.

2.4 Departementets vurderingar – sesongbasert næringsliv

Ordlyden «sesongbasert» næringsverksemd, antydar at noko gjentar seg, gjerne knytt til årstider, framfor meir sporadisk verksemd. Til dømes kan dette vere ei turisthytte, ein campingplass og eit alpinanlegg.

I utgreiinga «Kostnader for 100 % bredbåndsdekning til husstander, hytter og ulike næringer», som låg til grunn ved utforminga av lovforslaget², valde ein å definere sesongbasert verksemd som bygg som særleg er retta mot turistar. Frå eigedomsregisteret er følgande typar bygg inkludert som sesongbasert verksemd: Hotellbygning, motellbygning, hospits, pensjonat, vandrarheim, ferieheim/-koloni, turisthytte, leilegheiter, campinghytte/utleiehytte, annan bygning for overnatting, restaurantbygning og kafébygning. Utgreiinga inkluderte ikkje andre typar «turistbygg», til dømes alpinbakkar, fordi det manglar kode for dette i Eiendomsregisteret.

Føresegna i loven har ikkje ei tilsvarande avgrensing, slik at også andre typar enn turistnæringa vil vere omfatta. Departementet meiner likevel det er behov for å trekke ei nedre grense for kva som skal sjåast på som «sesongbasert», av omsyn til føreseielegheit og for å unngå unødige klager. Departementet foreslår derfor følgande kriterium, og ber særskilt om høyringsinstansane sitt syn på desse:

Ei sesongbasert næring i denne samanhengen

- er stadbunden til den aktuelle adressa
- er knytt til årstider
- blir kun driven delar av året, men minst tre månadar
- utgjør hovudnæringsgrunnlaget for innehavaren, dvs. utgjør meir enn 50 prosent av inntektsgrunnlaget til vedkommande

Departementet ber også om høyringsinstansane sitt syn på om det bør settast eit minimumskrav for storleiken på omsetnaden og om det bør stillast krav om tilsette.

Departementet foreslår på denne bakgrunn følgande føresegn i ny ekomforskrift:

§ 5-1 Tilgang til offentlig telefontjeneste og funksjonell internettilgang

Første ledd skal lyde:

Med «sesongbasert næringsvirksomhet» etter ekomloven § 5-1 annet ledd, menes næringsvirksomhet som er stadbunden til den aktuelle adressen, er knyttet til årstider, drives kun deler av året, men minst tre månader, og utgjør hovednæringsgrunnlaget til innehavaren, dvs. mer enn 50 prosent av inntektsgrunnlaget.

² Analysys Mason (2021) «Kostnader for 100 % bredbåndsdekning til husstander, hytter og ulike næringer»

2.5 Departementets vurderingar – hastigheita til funksjonell internettilgang som følgjer av leveringsplikta

Departementet viser til «Høring om endringer i ekomloven og ekomforskriften med forslag om lovhjemmel for leveringsplikt for bredbånd og tydeligere krav til entydig identifisering av sluttbrukere» av 3. september 2019. Her ble hastigheita til breibandet som skulle være omfatta av leveringsplikt foreslått å ha minst 10 eller 20 Mbit/s nedlastingshastigheit. Bakgrunnen for forslaget var mellom anna EUs ekomdirektiv (direktiv (EU) 2018/1972) som pålegg medlemsstatane å sørge for at alle forbrukarar skal ha rimeleg tilgang til breiband med tilstrekkeleg hastigheit til å kunne bruke eit fastsett minimumsett av tenester. Minimumsettet går fram av vedlegg V til direktivet og omfattar bruk av e-post, søkemotorar for å finne fram til informasjon, grunnleggjande verktøy for læring, digitale aviser og nyheiter, jobbsøking og nettverking, digitale banktenester, offentlege digitale tenester, sosiale media, samtaler/videosamtaler med standard kvalitet, og varekjøp on-line.

Sidan 2019 har hastigheita til breibandet til folk flest auka ganske mykje. I 2024 er medianhastigheit i norske breibandnett målt til om lag 150 Mbit/s (kjelde: Ookla). Departementet har på denne bakgrunn kome til at 20 Mbit/s kan være ein litt for låg hastigheit for funksjonell internettilgang, sjølv om ein i prinsippet kan bruke dei nemnde tenestene med ein slik hastigheit. Samstundes er det departementets vurdering at hastigheita i dei leveringspliktige tenestene ikkje bør være så høg at den forstyrrar marknaden og den kommersielle utbygginga. Departementet har kome til at funksjonell internettilgang som følgjer av leveringsplikta bør ha minst 30 Mbit/s nedlastingshastigheit og minst 5 Mbit/s opplastingshastigheit.

Departementet foreslår på denne bakgrunn ei slik føresegn i ny ekomforskrift:

§ 5-1 Tilgang til offentlig telefontjeneste og funksjonell internettilgang

Andre ledd skal lyde:

Med funksjonell internettilgang menes bredbåndstjeneste med nedstrøms hastighet med minst 30 Mbit/s og oppstrøms hastighet med minst 5 Mbit/s.

3. Økonomiske og administrative konsekvensar

3.1 Forskrift om sektoravgift og gebyr til Nkom

Nytt tredje ledd i forskrift om sektoravgift og gebyr til Nkom vil gjere det meir føreseieleg for innehavarar av sendarløyve til lokale nett i 3,8-4,2 GHz-bandet kva dei skal betale i avgift, men fører elles ikkje til endringar av betydning samanlikna med kva dei betaler i 2024. Det er meir knapt med frekvensressursar i låge enn i høge frekvensband og derfor vert satsane endra i fjerde ledd slik at det samsvarer betre med arbeidet som Nkom har med dei enkelte løyva. Kostnaden for kundar med mange løyve i låge frekvensband med stor bandbreidde vil auke, medan dei med løyve i høge frekvensband får tilsvarande reduksjon.

Mange innehavarar får redusert kostnad, i nokre tilfelle stor prosentvis reduksjon, men i kroner blir det ikkje så drastisk. Det er innehavarar som har løyve for mange sendarar i høge frekvensband som får redusert sats.

I fastsetjinga av satsar for ulike frekvensband og bandbreidder i tabell § 14 er talet på sendarar med løyve tatt i betraktning. Det er i hovudsakleg to prinsipp som er brukt:

1. For frekvensar under 5,15 GHz og over 57 GHz er satsane sette nokså likt som i dag med noko påslag.
2. For dei andre frekvensband er det brukt ei matematisk utrekning med vekting av frekvensband og bandbreidder.

For frekvensband 5,15 GHz til 8,5 GHz er satsane for større bandbreidd auka med 30% for kvar kategori bandbreidd. Vektingen av frekvensbandet 8,5 GHz til 20 GHz er 63% av frekvensbandet 5,15 GHz til 8,5 GHz. Innanfor frekvensområdet 8,5 GHz til 20 GHz er satsen auka med 30% for kvar kategori auka bandbreidd. Vektingen av frekvensbandet 20 GHz til 57 GHz er 60% av frekvensbandet 8,5 GHz til 20 GHz. Innanfor frekvensområdet 20 GHz til 57 GHz er satsen auka med 20% for kvar kategori auka bandbreidd.

3.2 Leveringspliktige tenester til «sesongbasert næringsverksemd» og hastigheit til funksjonell internettilgang

Konkretiseringa av kva som skal sjåast på som sesongbasert næringsverksemd i ny ekomforskrift, vil innebere at nokre mindre aktivitetar, som blir drivne under tre månadar og/eller utgjer ein liten del av næringsgrunnlaget til den aktuelle interessenten, ikkje utløyser rett på leveringspliktige tenester. Dette vil kunne påverke inntektsgrunnlaget for denne interessenten fordi ei manglande breibandstilknytning i mange tilfelle kan påverke både evna til å gjennomføre sjølvne drifta og attraktiviteten til verksemda. Det må slik departementet ser det, samstundes settast nærmare kriterium for kva som er sesongbasert næringsverksemd slik at det er føreseieleg, og unngå at leveringsplikt omfattar tilfella der kostnadane med etableringa langt overstig nytta.

Forslaget om hastigheit på breibandet som følgjer av leveringsplikta (30 Mbit/s) kan føre med seg behov for finansiering. Ein analyse gjennomført i mai 2021 av Anaysys Mason for Kommunal- og moderniseringsdepartementet anslo at offentleg støttebehov forbunde med full dekning for 20 Mbit/s (husstandar, bedrifter og sesongbasert næringsliv) på det tidspunktet ville koste om lag 114 mill. kroner i offentleg stønad. Det er grunn til å rekne med at full dekning for 30 Mbit/s ville ha koste noko meir. På den anna side er berekninga fra Anaysys Mason no over tre år gamal. Det er grunn til å tru at det no vil koste noko mindre å nå ei slik dekning no.

Dersom det blir aktuelt å utpeike eller inngå avtale om leveringsplikt for funksjonell internettilgang i framtida, vil departementet få utarbeida nye kostnadsanslag i forkant av ein slik prosess. Ein eventuell statleg finansiering av leveringsplikt for breiband vil følge dei ordinære budsjettprosessane.

Det vises for øvrig til høyringsnotat 3. september 2019 for ein nærmare omtale av økonomiske og administrative konsekvensar av innføring av leveringsplikt for breiband.